

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	05.12.2018	076/18

Avgjerd av:	Arkiv: N - 000	Arkivsaknr
Saksh.: Nedkvitne, Jon	Objekt:	18/18 - 89

Kvam herad-uttale til søknad om løyve til regulering av Eidesvatnet

Behandling i politiske utval:

05.12.2018, FSK- 076/18 Vedtak:

Pkt 1

Kvam herad ber om at konsesjonen i første omgang vert avgrensa til å gjelda i 10 år.

Pkt 2

Kvam herad støttar forslag til minstevassføring for å ta vare på det biologiske mangfaldet i elva.

Pkt 3

Kvam herad er positive til at det vert satsa på teknikkar for resirkulering av vatn og bruk av sjøvatn.

Pkt 4

Kvam herad viser til at Rådgivende Biologer AS tidlegare har tilrådd at Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33,00 innan 1.april kvart år. Kvam herad ber om at NVE vurderer dette som eit krav i ny konsesjonssøknad.

Pkt 5

Kvam herad ber NVE vurderer om målesystemet som er i Eidesvatnet i dag er godt nok eller om det må gjerast tiltak for å forbetra avlesinga og formidlinga av vasstand og minstevassføring.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale til regulering av Eidesvatnet;

Pkt 1.

Kvam herad ber om at det vert gjort ein grundig gjennomgang av høgaste regulerte vasstand på kote 33,00 moh og lågaste regulerte vasstand på 32,25 og vurderer om lågaste regulerte vasstand bør vera høgare enn i dag, for å ta vare på miljøet rundt vantet, og samstundes støtta Biofish AS sin trong til vatn i smoltproduksjonen.

Pkt 2

Kvam herad ber om at konsesjonen i første omgang vert avgrensa til å gjelda i 10 år.

Pkt 3

Kvam herad støttar forslag til minstevassføring for å ta vare på det biologiske mangfaldet i elva.

Pkt 4

Kvam herad er positive til at det vert satsa på teknikkar for resirkulering av vatn og bruk av sjøvatn.

Pkt 5

Kvam herad viser til at Rådgivende Biologer AS tidlegare har tilrådd at Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33,00 innan 1.april kvart år. Kvam herad ber om at NVE vurderer dette som eit krav i ny konsesjonssøknad.

Pkt 6

Kvam herad ber NVE vurderer om målesystemet som er i Eidesvatnet i dag er godt nok eller om det må gjerast tiltak for å forbetra avlesinga og formidlinga av vasstand og minstevassføring.

Samandrag:

Biofish AS søker om varig løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn i frå Eidesvatnet til produksjon av smolt.

- Det vert søkt om eit kontinuerleg vassuttak på inntil 5 m³/min (83 l/s).
- Det vert og søkt om å regulere Eidesvatnet, mellom kote 32,25 (LRV) og kote 33,00 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er i all hovudsak allereie etablert.
- Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 01.09-31.10 og 17 l/s i perioden 01.11-31.08.

Rådgivende Biologer AS har gjennomført konsekvensutgreiing for søknaden. I søknaden er det lagt til grunn fylgjande konklusjon; *«Samlet sett vil uttaket ha ubetydelege konsekvenser for de fleste interesser, men med liten negativ konsekvens for fisk og ferskvassbilologi i utløpselven og positiv konsekvens for samfunnsinteresser knyttet til arbeidsplasser og lokal verdiskaping».*

Rådmannen konstaterer at grunneigarane rundt Eidesvatnet har ei anna oppfatning av skadane langs med vatnet enn det som har komme fram i konsesjonssøknaden. I konsesjonssøknaden vert det vist til at; «*Magasinet i Eidesvatnet har vært benyttet i en årrekke, og strandsonene er godt etablerte uten fare for nye ras eller videre erosjon*». I Uttalen frå nokre av grunneigarane vert det vist til at «*Strendene kring Eidesvatnet er påført store skadar som følgje av for stor nedtrapping. Vatnet treng ro slik at sårkantane etter tidlegare ras og utvasking kan stabilisera seg og vegetasjonen kan gro tilbake. Ei reguleringshøgde på 0,75 m er derfor for mykje*».

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
609604	BioFish AS - søknad om løyve til regulring og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad, Hordaland - høyring med vedlegg
609605	BioFish AS - søknad om løyve til regulring og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad, Hordaland - høyring
609606	Fylgjebrev
609607	Uttale vedrørande Biofish AS sin søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad
609608	Eidesvatnet - innmåling av bolt, demning og målestav
609609	NVE_Synfaring_1988
609610	Kommunegeologen - synfaring og innmåling av vasshøgde 22. okt. 2015
609611	Fylgjebrev
609612	Høyringsuttale til Biofish sin søknad om regulering av Eidesvatn i Kvam Herad
609613	Konsesjonssøknad
609896	Konsesjonssøknad frå Ljones fisk. Gjeld Eidesvatnet og Ljoneselva. Uttale frå Kvam herad

05.12.2018 Kvam formannskap

Framlegg frå Heidi Sandven Botnen, Krf: Pkt. 1 vert teken ut av høyringsuttalen. Renominering av dei andre punkta.

Framlegg frå Kari Mostad, MDG:

Uttale til regulering av Eidesvatnet;

Pkt 1

Kvam herad ber om at konsesjonen i første omgang vert avgrensa til å gjelda i 10 år og at Biofish legg opp til gjenoppbygging av det biologiske mangfaldet i vassdraget.

Pkt 2

Kvam herad støttar forslag til minstevassføring for å ta vare på det biologiske mangfaldet i elva.

Pkt 3

Kvam herad er positive til at det vert satsa på teknikkar for resirkulering av vatn og bruk av sjøvatn.

Pkt 4

Kvam herad viser til at Rådgivende Biologer AS tidlegare har tilrådd at Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33,00 innan 1.april kvart år. Kvam herad ber om at NVE vurderer dette som eit krav i ny konsesjonssøknad.

Pkt 5

Kvam herad ber NVE vurderer om målesystemet som er i Eidesvatnet i dag er godt nok eller om det må gjerast tiltak for å forbetra avlesinga og formidlinga av vasstand og minstevassføring. Ein må sikra ei varsling av vannstand, før vatnen når lågaste vannstand og føretaket må ha ein plan for evakuering av smolten når det skjer uhell som gjer at det er behov for

Habilitet

Jostein Ljones, Sp viste til at han var inhabil i saka. Viste til at han er fallrettseigar/ rettighetshavar.

Heidi Sandven Botnen, varaordførar tok over møtestyringa

Marit Buttingsrud, Sp tok plass som vara for Jostein Ljones i saka.

Røysting:

Heidi Sandven Botnen, Krf sitt framlegg vart sett opp mot Kari Mostad, MDG sitt framlegg.

Heidi Sandven Botnen, Kfr sitt framlegg fekk 8 røyster og vart vedteke.

Kari Mostad, MDG sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

FSK- 076/18 Vedtak:

Pkt 1

Kvam herad ber om at konsesjonen i første omgang vert avgrensa til å gjelda i 10 år.

Pkt 2

Kvam herad støttar forslag til minstevassføring for å ta vare på det biologiske mangfaldet i elva.

Pkt 3

Kvam herad er positive til at det vert satsa på teknikkar for resirkulering av vatn og bruk av sjøvatn.

Pkt 4

Kvam herad viser til at Rådgivende Biologer AS tidlegare har tilrådd at Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33,00 innan 1.april kvart år. Kvam herad ber om at NVE vurderer dette som eit krav i ny konsesjonssøknad.

Pkt 5

Kvam herad ber NVE vurdere om målesystemet som er i Eidesvatnet i dag er godt nok eller om det må gjerast tiltak for å forbetra avlesinga og formidlinga av vasstand og minstevassføring.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad i frå BioFish AS, datert den 11.09.2018, om løyve til regulering og uttak av vatn i frå Eidesvatnet. BioFish AS har i dag ein mellombels konsesjon, som går ut 01.01.2020. Biofish AS søker om varig løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn i frå Eidesvatnet til produksjon av smolt.

- Det vert søkt om eit kontinuerleg vassuttak på inntil 5 m³/min (83 l/s).
- Det vert og søkt om å regulera Eidesvatnet, mellom kote 32,25 (LRV) og kote 33,00 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er i all hovudsak allereie etablert.
- Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 01.09-31.10 og 17 l/s i perioden 01.11-31.08.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

BioFish AS planlegg å etablere eit nytt resirkuleringsanlegg (RAS) ved lokaliteten 12079 Ljonesvågen med ein årleg produksjon på 5 mill. setjefisk.

Rådgivende Biologer AS har gjennomført konsekvensutgreiing for søknaden. I søknaden er det lagt til grunn fylgjande konklusjon; *«Samlet sett vil uttaket ha ubetydelege konsekvenser for de fleste interesser, men med liten negativ konsekvens for fisk og fersvassbilologi i utløpselven og positiv konsekvens for samfunnsinteresser knyttet til arbeidsplasser og lokal verdiskaping».*

Om vassdraget

- nedbørsfelt på 4,3 kvadratkilometer
- elvestrekning på 2,6 km
- Eidesvatnet er 0,76 kvadratkilometer
- Ljoneselva er 970 m lang
- nedbørsfeltet er for det meste skog
- tidlegare hadde Eidesvatnet ein tett bestand med aure og røye

Eksisterande inngrep

- i 1996 vart det etablert dam i Eidesvatnet med tappeluke for minstevassføring og flaumoverløp
- Eidesvatnet er regulert med 5 cm over og 70 cm under normal vannstand (NV) på 32,95 cm.
- tidlegare vassuttak; *«har en del år tilbake medført nabo-henvendelser til NVE i forbindelse med større nedtapping av magasin. Dette har vært mer kontrollert de seinere årene, og ved etablering av et RASanlegg, vil vannbruk både bli jevnere og mer kontrollerbar enn tidligere.»*

Smoltanlegget har i dag vassinntak i Eidesvatnet via to stk. 315 mm (PEH) inntaksleidningar. Ein leidning på 20 m. djupn, ca 150 m inn i vatnet. Ein leidning som er omtrent 75 m inn i vatnet og har vassuttak på 2 m djupn. Noko som gjev ei fleksibel vassforsyning.

Biofish AS har overtatt konsesjon (HKM0012) med ei konsesjonsramme på 1,5 millionar fisk. Ferdig utbygd, skal anlegget ha ein produksjon på 5 millionar smolt, med klekking, startforing og påvekst.

Vassforsyning

Eit jamt forbruk av ferskvatn på inntil 5 m³/min, noko som tilsvarar 26,5% av midlere årleg tilsig. Ved oppfylling av kar, vert det søkt om kortare periodar med større uttak. Ved overgang til moderne RAS-anlegg (recirculating aquaculture systems-resirkuleringsanlegg), vil vassforbruket verta mykje jamnare og lettare å kontrollere.

Vassparande tiltak

- resirkuleringsteknologi med god vassutnytting
- reinsing av vatnet, med god utlufting av CO₂
- tilsetjing av oksygen
- moglegheiter for UV-handsaming av sjøvasskapasiteten
- ta ned ferskvassforbruket og erstatta det med sjøvatn

Fordelar og ulemper med tiltaket

Fordelar

Forlenging av konsesjonen er ein føresetnad for ombygging av anlegget. Eit nytt moderne anlegg er eit godt grunnlag for nye og trygge arbeidsplassar.

Ulemper

Potensialet for sjøaureproduksjon er større enn i dag, samstundes er det små moglegheiter for å gyte i innlaupet til vatnet.

Ras, flaum og erosjon

«Magasinet i Eidesvatnet har vært benyttet i en årrekke, og strandsonene er godt etablerte uten fare for nye ras eller videre erosjon». Konsesjonssøknad side 16.

Konsekvensar for terrestrisk biologisk mangfald

Det omsøkte tiltaket vil ikkje medføre nokon verknad på desse verdiane som ligg på tilstøytande område opp på land. Langs med vassvegen er det ikkje registrert

naturverdiar.

Forekomst av villfisk

Aure er den talmessige dominerande laksefisken i Ljoneselva. Det er ved ei rekke høve registrert sjøaure i nedre del av Ljoneselva. Det er også observert i den nedste delen av elva. Forventa smoltproduksjon, er ca 20 -40 individ. Potensialet er derimot større. Om sommaren er tettleiken av ung ål relativt stor. Trepigga stingsild er også tilstades i elva, spesielt i overgangen mellom saltvatn og ferskvatn. Det er og registrert unge individ av skrubbe (flyndre) . Røye er det lite av i elva. Villaks er det ikkje påvist i Ljoneselva. Rømt laks er det derimot observert fleire gongar.

«Vannuttak fra og regulering av Eidesvatnet vil ha liten negativ virkning på fisk og ferskvannsbiologi».

Tema	Verdi			Virkning					Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten / ingen	Middels	Stor pos.	
Verneinteresser	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Landskap	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Inngrepsfrie omr.	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Biomangfold	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Fisk og ferskvann	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Liten negativ (-)
Kulturminner	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Vannkvalitet og vannforsyning	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Landbruk	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Friluftsliv	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Samiske interesser	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Reindriftsinteresser	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)
Samfunnsinteresser	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Positiv (+)
Samlet vurdering	----- ----- ▲			----- ----- ----- ----- ▲					Ubetydelig (0)

Avbøtande tiltak;

-slepp av 0,0017m3/S i perioden 1.november til 31.august

-slepp av 0,30 m3/S i perioden 1.september til 31.oktober.

Det er moglegheiter for ålmenta å kontrollera vasstanden, minstevasstanden er nok til å oppretthalda opp- og utvandring for ål og sjøaure. Minstevassføringa er tidlegare

akseptert av NVE.

I tillegg er fysisk sperre i Ljoneselva omtrent 100 m oppom sjøen vorte fjerna, slik at det vert antatt at sjøaure nok kan vandra opp til Eidesvatnet ved aktuelle vassføringar.

Fleire grunneigarar rundt vatnet har komme med merknader til søknaden om konsesjon, der dei primært ynskjer at det ikkje bør gjevast ny konsesjon, med bakgrunn i tidlegare erfaringar og øydeleggingar rundt vatnet. Det vert mellom anna vist til at det opphavelig var gjeve konsesjon på nedtapping på inntil 40 cm, seinare til 60 cm, og no er reguleringshøgda på 75 cm. Her vert det hevda at nedtappinga då kom ned på eit nivå under naturleg utlaup. Lågaste regulerte vasstand vart sett til 32,25 moh, medan botnen i elveutlaupet var på 32.64 moh.. Oppsummert så har grunneigarane desse erfaringane etter 30 år;

- 1) Eidesvatnet toler ikkje noko særleg nedtapping.
- 2) Stadig endring i vasstanden gjer at skadane etter tidlegare ras i vatnet ikkje får fred til å «gro».
- 3) Det synest svært vanskeleg å tilpassa produksjonen til ressursgrunnlaget. 3 av dei 5 siste somrane/haustane har Eidesvatnet vorte nedtappa ned til eller under LRV (2014, 2015, 2016) .
- 4) Pga dei enorme verdiane settefiskten representerer, blir det ikkje iverksett nedslakting av fisk sjølv om vatnet er tappa ned til lågaste lovlege reguleringshøgde (LRV).
- 5) Nedtapping av vatnet fører alltid til skadar på strendene. Dette fordi påfølgjande vasstandsauke alltid kjem som eit resultat av kraftig nedbør og vind og dermed stor erosjon frå bekkar og bølger.
- 6) Settefiskanlegget har tilsynelatande eit ynskje om å utnytta reguleringshøgda maksimalt, og vil heile tida utvida produksjonen for å oppnå dette.

Fleire grunneigarar har gjeve fylgjande forslag til uttale;

- 1) Reguleringshøgde 40cm (HRV=33.0moh, LRV=32.60moh)
- 2) Me registrerer at sjølv små endringar i måten Eidesvatnet vert regulert på, ser ut til å påverka artsmangfaldet i strandsona. Det bør gjerast ei kartlegging av artsmangfaldet, slik at ein får ein referanse til seinare bruk.
- 3) Minstevassføring i Ljoneselva (som omsøkt).
- 4) Krav om oppdemming innan 1.april kvart år bør vidareførast. Me trur dette har hindra fleire nedtappingar utover sommaren.
- 5)Produksjonen må tilpassast ressursgrunnlaget. Anlegget må kunna leggja fram ein vassforbruksplan som dokumenterer at fiskeanlegget har nok vatn til å tåla ein tørkeperiode på 60dagar utan å bryta konsesjonsvilkåra. Alternativt bør det krevjast at fiskeanlegget har ein beredskapsplan dersom vassnivået nærmar seg LRV. Det er ikkje berre nedbøren som kan utebli, men de kan henda at fisk vert ståande lenger i anlegget enn kva ein hadde planlagt, eller at det skjer teknisk svikt som gjer at ein må bruka meir ferskvatn enn planlagt (f.eks ved lengre straumbrot.) Det å kvitta seg med fisk bør vera eit reelt alternativ.
- 6) Tidavgrensa konsesjon.

Naturvernforbundet i Kvam har også komme med uttale til søknaden.

Kvam herad sin uttale til konsesjonen i 2008;

Pkt a)

Kvam herad har i sin kommuneplan, vedtatt den 13.06.06. lagt til rette for Ljones fisk AS si lokalisering i Ljonesvågen. Området langs med Ljoneselva ligg i LNF-I område. Medan området rundt vatnet er både LNF, LNF-I og LNF-n.

Ljonesvågen er i kommuneplanen vist som FFNF-område. (fiske,- ferdsle-, natur,- og friluftsområde)

Pkt b)

Kvam herad er samd HRV skal vera på kote 33,00 og at LRV skal vera på kote 32,25 og at alle tiltak i elva og vatnet og i verksemda skal rettast inn imot dette.

Pkt c)

Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33, innan 1.april kvart år

Pkt d)

Kvam herad aksepterer eit minstevassføring på 1m³/min heile året, men ber om at dette vert vurdert av miljøvernavdelinga, for å sjå om dette er nok for å ta vare på fisken i elva

Pkt e)

Lokkeflaumane skal vera i samsvar med tidlegare konsesjon, i høve til lengd og innhald, dvs 0,167 m³/s. og i minimum to dagar i august og september.

Pkt d)

Kvam herad vil tilrå at det vert gjeve konsesjon i ti år

Frist for tilbakemelding til NVE er sett til 06.11.2018. Kvam herad har fått utsett frist til den **05.12.2018**.

Merknader og innspel til søknaden er å finna på NVE sine nettsider;
www.nve.no/konsesjonssaker

Vurdering:

Rådmannen konstaterer at grunneigarane rundt Eidesvatnet har ei anna oppfatning av skadane langs med vatnet enn det som har komme fram i konsesjonssøknaden. I konsesjonssøknaden vert det vist til at; «*Magasinet i Eidesvatnet har vært benyttet i en årrekke, og strandsonene er godt etablerte uten fare for nye ras eller videre erosjon*». I Uttalen frå nokre av grunneigarane vert det vist til at «*Strendene kring Eidesvatnet er påført store skadar som følgje av for stor nedtraping. Vatnet treng ro slik at sårkantane etter tidlegare ras og utvasking kan stabilisera seg og vegetasjonen kan gro tilbake. Ei reguleringshøgde på 0,75 m er derfor for mykje*». Innafor noverande konsesjon er skilnaden i mellom høgste regulerte vasstand og høgste regulerte vasstand, 75 cm. Det er truleg ikkje denne reguleringa som har skapt dei største skadane rundt vatnet. Dei største skadane har heller sin bakgrunn i dei nedtappingane som har vore under lågaste regulerte vasstand. Skadane er uansett til tider svært synlege og påviselege.

Det er ulike oppfatningar av kor mykje vantet faktisk kan tappast og kva konsekvensar det måtte ha for omgjevnadane rundt vatnet. NVE har tidlegare vurdert det som mogleg å regulera vatnet med 75 cm i frå 33 moh til 32,25 moh. I utgangspunktet var det 40 cm, etter kvart til 60 cm og no til 75 cm. På lang sikt er det ynskjeleg med ein produksjon på inntil 5 millionar smolt, i dag er konsesjonen på 1,5 mill. smolt. Ny teknologi og framtidig bruk av sjøvatn, auka produksjon, er faktorar som vil vera med å påverka vassforbruket og kor mykje vatnet kan og bør regulerast. Det må uansett gjerast eit grundig arbeid for å fastsetja lågaste regulererte vasstand. NVE må difor på nytt vurdere om 75 cm regulering er for mykje.

Rådgivande biologar har tidlegare tilrådd at vassmagasinet vert fylt opp til 33,00 moh. På det viset vil det i 9 av 10 år vera nok vatn for å unngå tapping under kote 32,25 utover sommaren.

Det er viktig at det igjennom heile året er ei minstevassføring som kan vera med å oppretthalda det som måtte vera av fiskebestandar i elva. Rådmannen støttar forslaget til minstevassføring slik det er føreslått i søknaden.

Grunneigarane har til tider stilt spørsmål om ved målingane ved utlaupet. Rådmannen ber om at dette vert avklart no i samband med ny konsesjonssøknad, slik at det ikkje vert stilt spørsmål ved det i den vidare konsesjonshandsaminga og oppfylgjande målingar.

Kvam herad har tidlegare vore opptatt av at verksemda må ha rammevilkår som gjer det mogleg å investera for framtida, samstundes som det må takast omsyn til grunneigarane og miljøet i og rundt vatnet. Rådmannen skreiv i 2008;

«Lokaliseringa av verksemda i Ljonesvågen og tilhøvet til nedtappinga av Eidesvatnet har medført ein god del strid og usemje rundt vatnet. Det er difor viktig å få på plass ein konsesjon som er eit gode for verksemda og som kan tilfredstilla grunneigarane rundt vatnet og elva.»

Rådmannen har tidlegare vore opptatt av at konsesjonen må vera tidsavgrensa for å fylgja med på kva som skjer i strandsonen og for å sjå om eigarane kan driva med eit slik løyve og om dei faktisk held seg innafor ein ny konsesjon. I 2008 skreiv rådmannen fylgjande

Søknaden ligg føre med ynskje om at det ikkje skal vera tidsavgrensing på konsesjonen. Konsesjon utan tidsavgrensing kan vera eit gode for verksemda, men rådmannen er skeptisk til ei slik løysing.

Det vil heller vera naturleg at konsesjonen er av ei slik lengt at det vil vera mogleg å hausta erfaring med konsesjonen og endra innhaldet om det skulle vera både ynskjeleg og naudsynt. Samstundes som det er viktig at verksemda har langsiktige og kjente rammer og forhalda seg til. Slik søknaden ligg føre bør det difor etter rådmannen si menging vera ei tidsavgrensing på 10 år. Dette også med bakgrunn i at det har vore ein del strid omkring nedtappinga av Eidesvatnet og konsekvensane av dette.

Med dei erfaringane som har vore rundt konsesjonen og nedtapping av Eidesvatnet, vil rådmannen også i denne omgang føreslå at konsesjonen vert tidsavgrensa og at lengda i

første omgang vert 10 år.

Rådmannen vil tilrå at konsesjonen vert tidsavgrensa og at det vert gjort ein grundig gjennomgang av kor stor skilnad det kan vera i mellom høgaste og lågaste regulerte vannstand, for å minimalisera skadane for miljøet rund Eidesvatnet, samstundes som det skal vera nok vatn for framtidig produksjon i smoltanlegget.